



Olaf Agnar Gausvik.

Ein utflytta og høgt akta uskedeling, Olaf Agnar Gausvik (no Kristiansand,) er på beddingen med boka "Når det droplar og dryp". Ho er no klar for trykking og kan truleg koma for sal i mai måned, fortel han til [uskedalen.no](http://uskedalen.no)

Boka inneheld dikt, viser og vers som Gausvik har skrivne opp gjennom åra. Ein del av dette har stått på trykk mellom anna i Kvinnheringen og i seinare tid for det meste i Fædrelandsvennen, den store landsdelsavisa som kjem ut i Kristiansand.

Gausvik innrømmer at ein god del også berre har enda i skrivebordskuffa.

Men i haust fekk han ei oppringning frå Ånund Homme i Setesdalsforlaget med førespurnad om han ville gje ut noko av sin produksjon. Resultatet vart eit manus på 150 sider.

